

## Svelgen I og II – innspel til sakshandsaming av søknad om fornya reguleringskonsesjon

Vi viser til søknad dagsett 23.3.2017 frå Svelgen Kraft AS om fornya reguleringskonsesjon for Svelgen I og II, og dokument til saka vist på nve.no.

### *Innleiing*

Steinvik Fiskefarm AS bygger for tida reguleringsdemning i nabovassdraget Riseelva. Risevassdraget er regulert for kraftproduksjon gjennom Svelgen IV, og vert då tilsynelatande ikkje påverka av søknaden om Svelgen I og II. Steinvik Fiskefarm AS har då heller ikkje vore vurdert som part i konsesjonssaka, korkje av søkjar, NVE eller av selskapet sjølv.

Steinvik Fiskefarm AS har dei siste åra både fått auka eigen lokalkunnskap og breie erfaringar kring utfordringane som følgjer eigen utbygging. Så langt synest tilhøva for anadrom laksefisk og ål av Steinvik si regulering å vere det temaet ved utbygginga som engasjerer mest. Det vere seg lokalt, i media, direktorat og andre offentlege styringsorgan.

Som gjort greie for nedanfor har utlaupa frå kraftstasjonane til Svelgselva ein effekt på anadrom laksefisk som også er viktig for Riseelva. Denne er så langt vi kan sjå ikkje ivareteken av nokon instans i høyringa, korkje privat eller offentlig. Steinvik Fiskefarm AS vil difor få legge dette fram for NVE no. Vi forstår framdrifta i konsesjonssaka til Svelgen Kraft AS at det etter synfaringa seint i september no er opning for å kome med utfyllande innspel.

### *Problemstilling*

Steinvik Fiskefarm AS vil hevde at Svelgselva og Riseelva med omsyn til vilkåra for oppvandring av anadrom laksefisk må sjåast under eitt. Dette grunngjev vi som følgjer.

Svelgselva og Riseelva har utlaup i Svelgen, berre 150 m frå kvarandre, sjå figur 1 under. Ingen av elvane synest å ha historisk tradisjon som lakseelv. Dette er lett å forklare for **Svelgselva**, sjå punkt 7.5.3.2 side 34 i konsesjonssøknaden frå Svelgen Kraft, der det vert opplyst følgjande:

*Svelgen II og IV har utlaup nedanfor fossen i Svelgselva. Her har fossen i alle tider vore til hinder for oppvandrande fisk.*

Vatnet frå Svelgen II vert ført til Svelgselva. Etter utbygginga av Svelgen IV først på 1970-talet vert vatnet frå dei to stasjonen ført til elva i felles tunnel. Denne tunnelen er om lag 500 m og fisk kan gå inn og stå heile denne strekninga. Det skal vere «tradisjon» å fiske etter laks i både Svelgselva og inne i avlaupstunnelen. Slik vi forstår status, vert det framleis fiska der<sup>1</sup>.

**Riseelva** synest i tradisjon heller ikkje å ha vore noko stor lakseelv. Ein sentral årsak til dette skal/kan vere at gjølet opp til Risevatnet har vore vanskeleg å forsere for fisken. Det kan ha hatt som effekt at gyttestrekningane oppstrams Risevatnet har vore lite tilgjengelege. Om det er oppgang, vert denne i

<sup>1</sup> Sjå heimesidene til Bremanger kommune, 21.8.2019: <https://bremanger.kommune.no/aktuelt/fiske-i-svelgselva.42562.aspx>

slike vanskelege elvar ofte berre brukbar ved bestemte vassføringsvolum. Det ligg ikkje føre noko fangststatistikk for elva, og vi kjenner heller ikkje til «gode fiskehistoriar». Men det har vore fiska laks i Risevatnet.

Oppstarten av Svelgen IV tidleg på 1970-talet, medførte betydeleg endring i vassføringa i Risevassdraget. Noko som og var forventa då flaumsikring var viktig krav til utbygginga. Men særleg gunstig for vandrande fisk har situasjonen ikkje vore det siste halve hundreåret. Vassføringshistorikk viser at vassføringa etter reguleringa i turre periodar har vore liten, sannsynlegvis så liten at oppvandring av fisk ikkje var mogeleg. Dette er tidleg kommentert frå lokalt hald, jf. opplysningar frå grunneigarar til Riseelva i brev til Direktoratet for naturforvaltning 8.8.1992, side 1:

*Vassføringa i elva har vorte betydeleg mindre etter reguleringa, og i periodar med lita vassføring er store delar av elva turr.*

Men ulikt Svelgselva har Risevassdraget som nemnt eigna område for rekruttering av anadrom laksefisk. Då både oppstraums og nedstraums Risevatnet. Truleg har alt oppstarten av Svelgen I medført endring i balansen lokking/oppgang. Som auka med bygginga av Svelgen II og vart totalt nedbrote med utbygginga av Svelgen IV. Eit slik resultatet er underbygd i Svelgen Kraft AS sin konsesjonssøknad, sjå punkt 7.5.4.2 side 36 (om verknader ved nedlegging av kraftverka):

*Utløpet frå kraftverka har sannsynlegvis medført at noko fisk som elles ville ha vandra opp i nærliggjande vassdrag i dag blir ståande her. Sjølv om Svelgselva alltid har hatt sitt utløp her, har vassføringa auka, slik at denne effekten kan ha vore forsterka.*

Same problemstilling er også påpeikt frå fiskefagleg hald etter granskingar i Riseelva. Gladsø (2009, pkt. 4.3.3.4 s 50) formulerer problemstillinga slik:

*(..) utløpet av kraftverket (Svelgen I) [har] ført til at det er større vassføring nedst i Svelgselva enn det er i Riseelva. Det står ein god del gytefisk i Svelgselva, og det er mogleg at ein del av fisken som skulle gått opp i Riseelva går opp i Svelgselva i staden.*

I sum har status etter utbygginga av Svelgen IV då for anadrom fisk vore at Svelgselva, med tilnærma konstant stor vassføring, lokka fisk. Medan Riseelva, men berre når vassføringa var høveleg, har hatt oppgangsrom. Til saman har det vore det tilbodet som har vore for anadrom fisk i Svelgen dei siste 50 åra.

Dette inngår i vurderinga av at Svelgselva og Riseelva med omsyn til verdien av anadrom laksefisk må sjåast som eitt system. Som då også medfører at Riseelva må trekkast inn i handsaminga av ny reguleringskonsesjon for Svelgen I og II.

### **Forventingar**


Vatnet som inngår i reguleringane i Svelgen I og II kjem ikkje frå Riseelva og renn heller ikkje ut i vasstrengen. Men vatnet frå Svelgen II vert ført i sams avlaup med Svelgen IV. Denne reguleringa tek m.a. vatnet frå 60 prosent av nedbørsarealet til Risevatnet. Summen av dette medfører stor ubalanse mellom to viktige funksjonar for laksefisk – lokking av fisk til området og rom for oppgang i elv.

Sett teknisk kan årsaka til mykje av denne ubalansen argumenterast som årsaka av reguleringa i Svelgen IV. Men den reguleringa skal ikkje vurderast på mange år enno. Skal den merksemda samfunnet har på anadrom laksefisk takast på alvor, er det uforsvarleg at tiltak for å skape meir balanse mellom dei to elvesystema eventuelt skal utsetjast til vurderinga av Svelgen IV kjem. Dette argumentet vert ytterlegare forsterka av at det for nyreguleringa av Risevatnet er sett omfattande krav til tilrettelegging for nettopp anadrom laksefisk.

NVE vert difor oppfordra til å setje vilkår for fornying av reguleringskonsesjonen for Svelgen I og II som bidreg til at Riseelva vert eit meir realistisk alternativ for oppgang av laksefisk enn Svelgselva. Det tel med for dette synspunktet at Svelgen Kraft også er operatør av Svelgen IV. Å utsetje ei vurdering av framlagd utfordring til Svelgen IV skal nyvurderast, vil medføre at potensialet for produksjon av laksefisk med stort sannsyn vil verte vesentleg mindre enn mogeleg i minst 10 år framover.


- Det må setjast krav om tiltak som hindrar laksefisk å gå i Svelgselva
- Det må setjast krav om å utvikle tiltak som kan betre høva for oppgangen av laksefisk i Riseelva. Om naudsynt både gjennom konsesjonshavars konserninterne prioriteringar og i eventuelt samarbeid med andre aktørar

Med helsing



Sven Erik Vestby  
Miljøkoordinator  
Steinvik Fiskefarm AS

#### Vedlegg:



Figur 1: Svelgselva og Riseelva har utlaup berre 150 m frå kvarandre.

#### Kjelder:

Gladsø, John Anton (2009): *Prøvefiske i 26 vatn i Sogn og Fjordane i 2008*. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Rapport nr. 7 – 2009

Hallseth, Inger R m.fl. (1992): *Merknader vedrørende planlagte biotopforbetrande tiltak i Riseelva*. Brev til Direktoratet for naturforvaltning 8.8.1992. Sak 9434/92 i DN